

Årsmelding for Øystese idretslag (ØIL) 2010

Styret i ØIL har i 2010 sett slik ut:

Leiar	Hilde Hysing-Dahl	(1 år)
Kasserar	Trude Torvund	(2 år)
Skrivar	Rune Vik	(2 år)
Styremedlem	Sonja Fagerheim	(2 år)
	Åshild Bekkesletten	(1 år)
	Jan Tore Alvsaker	(1 år)
1. vara		(2 år)

Valnemnd dette året: Lillian Digernes (1 år)
Tor Johannessen (2 år)

Revisor Signe K. Kvamsøy

Gruppeleiarar (ikkje valt av årsmøtet):

Boccia/handicap	Lillian Kvamsøy
Fotball	Per Dysterud
Trim	Leiv Sandven
Turn	Åshild Bekkesletten
Orientering	Olav Kreken

Hopp, Alpint, Symjing, Vektløfting - ingen gruppeleiarar

ØIL-styrerepresentantar i Sjusete skisenter (ØIL eig 1/3 og Kvam LSK 2/3):

Magnar Dalatun	(1 år)
Einar Opsanger	(1 år)

Styret sitt arbeid

Styremøter

Styret har hatt 8 møter inkl. styremøte før årsmøte.

Spesielle oppgåver

- Oppfølging av årsmøtevedtak i 2009 knytt til Norheimsund fotball-initiativ om samarbeid/samanslåing/felles fotballsatsing på junior-/seniornivå. Det er etablert eit samarbeidsutval med 3 medlemmer frå kvar av laga. Frå ØIL-fotball deltek Roger Vassnes, Arild Lillevik og Stig Edvin Aksnes. Sak vert å fremja på ØIL-årsmøte.
- Deltaking i NIF-programet "Klubb utvikling/styreseminar" i regi Hordaland idrettskrets, to samlingar 1-2/10 og 19-20/11 2010.
- Arbeid med ØIL-heimeside.
- Etablert basseng-/symjetilbod i ØIL-regi på Øystese barneskule.
- Vedtak om kr. 40 000 i støtte til nytt reinseanlegg til bassenget på Øystese barneskule.
- Vedtak om kjøp av eitt A-brev på kr. 10 000 i Kvam bowlingklubb til støtte av vidare drift.
- Vedtak om å kjøpe aksjar for kr. 100 000 i Hardanger bade og velværesenter dersom senteret

vert realiser. Dersom prosjektet ikkje er realisert innan 2 år (08.06.2012) forbehold ØIL seg retten til å ta opp igjen saka, dette for ikkje å forplikte framtidige styre i idrettslaget (jf. brev datert 09.06.2010 til Hardanger bade og velværesenter).

- Bokettersyn frå skatteetaten for rekneskapsåra 2008-2009.
- Politiattestar: Arbeid med innhenting av politiattestar for personar som utfører oppgåver som inneberer tillits- eller ansvarsforhold overfor born/ungdom eller psykisk utviklingshemma.
- ØIL-nytt 2010 – kun eitt nummer.

Aktivitet

ØIL-fotball er klart størst på aktivitet i idrettslaget og einaste gruppa med eige styre.

Dei andre gruppene med ein viss aktivitet har gruppeleiar men ikkje eige styre med økonomiansvar.

ØIL-fotball

Styret har hatt følgjande samansetning:

Per Dysterud (leiar), Odd Kåreid (trenarkoordinator), Bente Hosøy (jentekontakt), Anna Gyri Øye (materialforvaltar), Lillian Digernes (sekretær), Roger Vassnes (kasserar), Albart Tvedt (dommar-kontakt/lisensansvarleg), Arild Lillevik (styremedl./ kontakt aldersbestemt) og Trygve Laupsa (webansvarleg).

-Aktive fotballspelarar og lag

ÅR 2010	6 – 12 år	13 – 19 år	20 – 25 år	26 år og eldre	Samla
Jenter/kvinner	42	39	0	17	98
Gutar/menn	68	39	14	32	153
Samla	110	78	14	49	251

Til saman hadde fotballgruppa 15 lag fordelt frå ”jente/gut 03” til senior, inkl. 6 samarbeidslag ØIL-fotball/Norheimsund fotballklubb.

ØIL-lag deltok på følgjande cup’ar:

Sognefjord Lerumcup med aldersbestemte lag i fotball

Voss-cup med dei yngste

-Resultat

Fotball-seniorane kom på 5. plass i 3. divisjon med 37 poeng på 11 sigrar og 4 uavgjort.

Smågutfelleslag 96 Norheimsund/Øystese vart kretsmeister i 2. div.

Jenter 97 vant B-finalen i Lerum cup, Sogndal.

-Økonomi

Grupperekneskapet viser solid overskot. Viser her til ØIL-rekneskap lagt fram på årsmøte.

Aktivitetar elles i ØIL-regi

- Leikeparti for born 3 – 5 år (u. skulealder) – i overkant av 20 born
- Allidrett for born 6 – 10 år (barnetrinnet) – 16 til 18 deltakarar
- Friidrett – 5 medlemmer som deltek på ulike arrangement inkl. motbakkeløp
- Orientering – 1 utøvar som deltek på stemner og meisterskap
- Fotballag i seriar på ulike nivå
- 2 lag i boccia-serien i Hordaland

- Stemneparti damer hadde 11 damer på stemne i Etne
- Postkassetrim m/ 10 postkassepunkt (Laupsadalen, Teldalen, Børvehagen, Nystøl; Krok, Botnane, Hyrting, Ruedal; Manfjell, Torefjell). 8 personar er engasjert i arbeidet med postkassetrimmen. Protokollane viser om lag 8000 registrerte besøk.
- Øystese-trimmen søndag 22.08.2010
- Torefjellstrimmen søndag 05.09.2010 (samarb. m/ NIL)
- Tine-fotballskule 12-15.08.2010
- Idrettskuletilbod i haustferien – veke 41
- Idrettsmerkeprøve

Andre aktivitetar

- Aktivitetsprosjekt for ungdomar mellom 13 og 18 år som fell utanfor vanlege aktivitetar. Midlar frå idrettsrådet. Samarbeid med ulike idrettslag og organisasjonar i kommunen.

Økonomi

Generelt er hovudlaget sin økonomi god. Laget flyt på tidlegare opptente / oppsparte dugnadsmidlar, kombinert med at ØIL-fotball hovudsakleg sørgjer for naudsynt inntekt til fotballgruppa sitt aktivitetsområde. ØIL-grasrotandelen erstattar omtrent tidlegare automatinntekter.

Bokettersynet avdekka manglande innrapportering av køyregodtgjersle over kr 10 000 og honorar over kr 4 000. Styret vedtok i møte 01.12.2010 at rekneskap for fotballgruppa skal førast av Hardanger rekneskap på lik linje med hovudlaget sitt rekneskap.

Medlemstal

Medlemstal 2010

	0 - 5 år	6 – 12 år	13 – 19 år	20 – 25 år	26 år og eldre	Samla
Jenter/kvinner	18	42	71	0	144	275
Gutar/menn	23	69	66	17	196	371
Samla	41	111	137	17	340	646

Medlemsutvikling

	2006	2007	2008	2009	2010
Jenter/kvinner					275
Gutar/menn					371
Samla	569	639	655	661	646

Økonomi (resultatregnskap med balanse)

Jf. vedlegg

Øystese 25. februar -2011

Rune Vik

-skrivar-